

Magnhild Haugland har heilt rett i det ho skreiv tidlegare idag - det kan bli for mykje.

Ho stillar tre kritiske spørsmål og det er lett å vera samd i alle:

* Ein skal vera varsam med oppattbruk av personbilete.

* Alt kommunalt stoff frå journalane treng ikkje å bli repetert på nettsida. Det skjer heller ikkje. Kvar veke blir stoff herifrå lagt til side. I mange høve bør ein få bekrefte sakene frå dei det gjeld. Det skjer også.

* Alt av lesarinnlegg bør ikkje leggjast ukritisk inn. Seinast denne veka er lesarinnlegg refusert.

uskedalen.no freistar å halda seg til Vær varsom-plakaten som Magnhild Haugland la link til og som redaktøren etter beste evne har levd etter i 55 år. Men av og til førekjem glipp også i denne "bransjen".

Ola Matti Mathisen